

# LINDÅS KOMMUNE

## DETALJREGULERING – REGULERINGSFØRESEGNER FOR jf plan- og bygningslova (pbl) § 12-7.

### STØLSMARKA gnr. 137, bnr. 344, 693, 723, m.fl.

Saksnummer: 16/2472  
Plan id.: 1263\_201607  
Dato sist revidert: 07.12.2017  
Godkjent i kommunestyret: XX.XX.XX

#### INTENSIJON MED PLANEN

Føremålet med planen er å leggje til rette for vidarutvikling av skuleområde og tilrettelegging av grøntområde.

#### § 1 FELLESFØRESEGNER

- 1.1 **Byggjegrenser**
  - 1.1.1 Nye tiltak skal plasserast innanfor byggegrensene. Tiltak nemnd i pbl § 29-4, samt støttemurar, skjæringar og parkeringsplassar kan plasserast utanfor byggegrensene.
- 1.2 **Terrenghandsaming og vegetasjon**
  - 1.2.1 Alle terrenginngrep skal skje mest mogleg skånsamt.
  - 1.2.2 Eksisterande vegetasjon, tre og markdekke som ikke vert direkte råka av gjennomføring av tiltaka i planen skal takast vare på.
  - 1.2.3 Skjeringar og fyllingar skal settast i stand med vegetasjon og/eller murar der det er naturlig. Murar skal ikkje vere høgare enn 1,5 meter utan at desse vert avtrappa og beplanta.

#### § 2 UTFYLLANDE PLANAR OG DOKUMENTASJON

- 2.1 **Utomhusplan**
    - 2.1.1 Ved innsending av rammesøknad skal det leggast ved utomhusplan i målestokk 1:500 der det vert gjort greie for parkering, avkørsel, kva av eksisterande terren, trær og markdekke som skal takast vare på, framtidig terren, vegetasjon, forholdet til nabobygg, eventuelle murar, trappar, gjerder og uteoppholdsareal. Oppstillingsplassar for brannbil skal også gå fram av utomhusplanen.
  - 2.2 **VA-rammeplan**
    - 2.2.1 Ved innsending av rammesøknad skal det føreliggje godkjend rammeplan for vassforsynings-/ overvatns- og spillvattnsystemet, samt uttak for brannslokking.
  - 2.4 **Massehandtering**
    - 2.4.1 Eventuelle overskotsmassar skal verta deponert til godkjent mottak.
- #### § 3 REKKEFØLGJEKRAV
- 3.1 Før det kan gjevast bruksløyve til nye bygg innanfor BKB1 og BKB2 skal fortau o\_SF1,o\_SF2 og f\_SGG1 vere ferdig opparbeida.
- #### § 4 EIGARFORM
- 4.1 **Offentlege arealføremål**
    - 4.1.1 Følgande areal skal vere offentlege:
      - o\_SKV1, o\_SKV2
      - o\_SF1-o\_SF2
      - o\_SGG2
      - o\_SVG2-o\_SVG4, o\_SVG7

<b>4.2</b>	<b>Felles arealføremål</b>	62.2. o_SKV2 er innkørsel til til BKB1 og BKB2.
4.2.1	Følgande areal skal vere felles for angjevne eigedomar:	
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• f_SGG1 er felles for BKB1 og BKB2.</li> <li>• f_SV er felles for bebuarande langs Buhaugen.</li> <li>• f_SVG5 er felles for brukarane av vegen Lyngmarka.</li> <li>• f_SVG6 er felles for brukarane av vegen Stølsmarka.</li> </ul>	
<b>§ 5</b>	<b>BYGNINGAR OG ANLEGG</b> (Pbl § 12-5 ledd nr 1 )	
<b>5.1</b>	<b>Kombinert byggje- og anleggsformål</b>	
5.1.1	Maksimal utnytting for BKB1 er BYA = 65% og maksimal utnytting for BKB2 er BYA = 35%.	
5.1.2	Byggehøgd for dei ulike delane av BKB1 og BKB2 går fram av plankartet.	
5.1.3	Innanfor BKB1 og BKB2 kan det leggjast til rette for barnehage, undervisning og forsamlingslokale.	
<b>5.2</b>	<b>Uteoppahaldsareal</b>	
5.2.1	BUT og skal opparbeidast med leikeapparat, parkanlegg og stiar og skal nyttast som uteområde for BKB1 og BKB2 i skuletida. Utanom skuletid skal området vere tilgjengeleg for ålmenta.	
<b>§ 6</b>	<b>SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR</b> ( Pbl § 12-5,ledd nr 2)	
<b>6.1</b>	<b>Veg</b>	
6.1.1	f_SV er del av eksisterande veg Buhaugen og skal nyttast som tilkomstveg for bustadene langs denne.	
<b>6.2</b>	<b>Køyreveg</b>	
6.2.1	o_SKV1 er eksisterande veg gjennom planområdet, regulert med ei bredde på 5 meter.	
<b>6.3</b>	<b>Fortau</b>	
6.3.1	o_SF1-o_SF2 er fortau som leier inn til planområdet, regulert med ei bredde på 2,5 meter.	
<b>6.5</b>	<b>Gangveg</b>	
6.5.1	f_SGG1 er gangveg som skal sikre gangtilkomst frå innkørselen til planområdet til nordaustleg del av planområdet.	
6.5.2	o_SGG2 er del av tidlegare veg Stølsmarka som no skal nyttast som gangtilkomst til BUT.	
<b>6.6</b>	<b>Anna vegggrunn - grøntareal</b>	
6.6.1	SVG1, o_SVG2-o_SVG4, f_SVG5-f_SVG7 er restareal langs veg og skal nyttast til blant anna grøfter, område for frisikt mm.	
<b>6.7</b>	<b>Parkeringsplassar</b>	
6.7.1	Det skal for barneskule opparbeidast min. 1 parkeringsplass per årsverk og for barnehage min. 1 plass for kvart 5. barn.	
6.7.2	Parkerering skal finne stad innanfor SPP eller i parkeringskjeller/garasje innanfor tomt 1 i BKB1.	
<b>§ 7</b>	<b>GRØNTSTRUKTUR</b> ( Pbl § 12-5,ledd nr 3)	
<b>7.1</b>	<b>Friområde</b>	
7.1.1	GF er eksisterande friområde som skal takast vare på.	
<b>§ 8</b>	<b>OMSYNNSZONE</b> (Pbl § 12-6 JF. §11-8)	
<b>8.1</b>	<b>Frisiktsone ved veg</b>	
8.1.1	Innanfor frisktsona skal avkjørslar ha ei fri sikt på 0,5 meter over plan på tilgrensande veg.	